



Oslo, 24. sept. 2018

Høyringsmøte om regjeringa sin eldrereform: «*Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre*»

I mai 2018 vart regjeringa si stortingsmelding; *Meld. St. 15 Leve hele livet - kvalitetsreform for eldre* gjort offentleg. Norsk Tannpleierforening takkar for moglegheit å koma med innspel i høyringa. Tannpleierforeninga kjem med kommentar til punkta om helsehjelp med tema tannstell og munnhelse.

Norsk Tannpleierforening ser at reformen har ei sentral føring med å satsa på forebygging gjennom å betre funksjonen og helsa hos den enkelte, og dermed redusere behovet for pleie av den eldre pasienten. For mange vil dette gje auka livsglede, meir sjølvstende og betre helse i alderdommen. Forebygging for å unngå reoperasjon, er område Norsk Tannpleierforening og tannpleiarane i Norge har hatt som satsing over mange år. Gode overordna system med ulike tiltak, er avgjerande for at det enkelte menneske skal få den hjelp og tilsyn det er behov for. Det blir viktig med samhandling på tvers av forvaltingsnivå, og tverrfagleg samarbeid med ev ulike arbeidsmodellar.

Det er eit stort helsefremjande og førebyggjande potensiale i å utvikla helsetenester for dei eldste eldre der hovudfokus er å utsetja funksjonssvikt, og sikring av at dei som treng hjelp får tilsyn og helsetenester.

Kvalitetsreform for dei eldre

Forskning viser at positiv haldning hos den enkelte til å bli eldre, og ha god kontakt med familie, vener og pårørande er med å utsetja aldringsprosessen. Professor Laura Fratiglioni, ved Karolinska Institutet i Sverige, seier at når **folk blir eldre er det fordi dei har betre helse**, og viser mellom anna til data frå Sverige der fleire eldre klarer seg sjølv lenger inn i alderdommen. Mange eldre kan ved førebyggjande tiltak og tilrettelegging, utføra det daglege munn- og tannstellet sjølv. Andre har behov for hjelp til dagleg munnstell. Innanfor desse gruppene er det stor variasjonar. Difor må det:

- på plass verktøy for å **kartleggja** den enkelte eldre sine ressursar og behov
- på plass **tilrettelegging** for dei pasientar som meistrar sin eigen munnhygiene
- sikring av **kunnskap** hos pleiarane om munnstell, og utøving av munnstell
- på plass **oppfølging** og hjelp til dei pasientane som har behov for hjelp til munnstell
- sikra at dei eldre får dei **rettane** dei etter lovverket har krav på

Behov for munn- og tannhelsehjelp

Ettersom det ofte er akselererande svikt i funksjonen hos eldre, er årlege heimebesøk ved ein viss alder, eit godt førebyggjande tiltak. Å ha god munn- og tannhelse er særskilt viktig. Ved kronisk sjukdom kan ein få problem med tygging av mat, vera svært tørr i munnen og kommunikasjon med andre kan vera vanskeleg. Sjukdom og smerter i tenner og munnhole kan bli resultatet. På grunn av sjukdommar i munnholen slit mange eldre psykisk med sosial isolasjon.

Relevante spørsmål om munn- og tannhelse, bør difor inn i pleie- og omsorgstenesta sitt journalsystem. Då vil vurdering av pasienten si munnhelse, gå inn i den heilhetlege vurderinga av pasienten sin helsetilstand. Opplæring av pleiepersonell i munn- og tannstell er særskilt viktig, og må følgjast opp. Her har den offentlege tannhelsetenesta ved tannpleiar og ev tannlege ein viktig funksjon.

Fleire av dei eldste eldre er i ein livssituasjon som gjer det vanskeleg å få gjennomført nødvendig tannbehandling. Difor er førebyggjande tiltak ekstra viktig for denne pasientgruppa. For at dei som

Tilsluttet Delta – en arbeidstakerorganisasjon i YS

Norsk Tannpleierforening
Postboks 9202 Grønland
0134 Oslo

Besøksadresse:
Lakkegata 23, 3.etg.
0187 Oslo

Telefon: 90 47 41 17
E-post: ntpf@delta.no

Bankgiro: 1503 40 58048
Org.nr.: 971 481 978 MVA
www.tannpleier.no

treng hjelp, skal få hjelp, må det på plass systematiske, skriftlege og forpliktande samarbeidsrutinar mellom kommunale tenester og tannhelsetenesta. Den offentlege tannhelsetenesta og omsorgssektoren må vera likeverdige partar i samhandlinga. Både pleiepersonell og tannhelsepersonell, må kjenna eit felles ansvar i å finna gode løysingar for enkeltpasienten. Det må vera ei felles forståing av kva partane kan bidra med i samarbeidet, og samarbeidet må vera forankra i leiinga. Vidare må samarbeidet kontinuerleg følgjast opp og evaluerast. Det kan visast til gode resultat i tannhelsetenesta i Buskerud ved god og systematisk samhandling. I desse dagar vil også evaluering frå prosjektet i Hamar kommune «Kommunal tannpleier- samhandling mellom hjemmebasert omsorg og tannhelse», bli presentert.

Bruk av elektrisk tannbørste med fluortannkrem

Erfaring visar at munnstell i ein travel arbeidsdag kan bli nedprioritert. Årsaken kan vera manglande kunnskap hos pleiepersonell, og personleg aversjon mot å gjere munnstell på andre. Munn- og tannhelse, er derfor eit fagområde som må få større merksemd i utdanninga av sjukepleiarar, helsefagarbeidarar, vernepleiarar og andre. God kunnskap og positive haldningar påverkar vektlegging av eit særskilt viktig område for enkeltmennesket si tannhelse og deira velvære. Eit enkelt førebyggjande tiltak overfor den aldrande pasienten, er bevisstheit hos tannhelsepersonell i opplæring av pasientar i bruk av elektrisk tannbørste, ved klinikkbesøk. For mange eldre er elektrisk tannbørste uvant. Tilvenjing vil gjera det enklare for pasienten sjølv å utføra tannpuss når funksjonar sviktar. Elektrisk tannbørste forenkler også munnstellet av andre når der er behov hjelp.

Konklusjon:

For at pasienten skal få ei god munnhelse i eldre år, må det på plass egna verktøy for kartlegging av ressursar og behov, og det må leggjast til rette for dei som kan utøva munnstelle sjølve. Vidare må adekvat kunnskap bli vektlagt i utdanninga av pleiepersonell og gjennom opplæring på arbeidsplassen. Samarbeidet mellom kommunar og tannhelsetenesta i fylkeskommunen, må systematiserast og forankrast i leiinga. Eldre som har rettar i Lov om tannhelsetenesta må sikrast at dei får tilbod og forstår det tilbodet den offentlege tannhelsetenesta gir.

Hilde Aga
leder Norsk Tannpleierforening

Benthe Hansen
fagansvarlig

Tilsluttet Delta – en arbeidstakerorganisasjon i YS

Norsk Tannpleierforening
Postboks 9202 Grønland
0134 Oslo

Besøksadresse:
Lakkegata 23, 3.etg.
0187 Oslo

Telefon: 90 47 41 17
E-post: ntpf@delta.no

Bankgiro: 1503 40 58048
Org.nr.: 971 481 978 MVA
www.tannpleier.no